



Innst. S. nr. 45

(2005-2006)

Innstilling til Stortinget frå transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 23 (2005-2006)

Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om endring av løyvingar mv. for 2005 på Samferdselsdepartementets område

Til Stortinget

INNLEIING

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Eirin Faldet, Svein Gjelseth, Irene Johansen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, frå Framstegspartiet, Bård Høksrud, leiaren Per Sandberg og Arne Sortevis, frå Høgre, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, frå Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, frå Kristelig Folkeparti, Jan Sahl, frå Senterpartiet, Oddbjørn Vatne, og frå Venstre, Borghild Tenden, viser til at Samferdselsdepartementet i proposisjonen legg fram ein del saker under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

SAMANDRAG

Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

Kap. 1300 Samferdselsdepartementet (jf. kap. 4300)

POST 70 TILSKOT TIL INTERNASJONALE ORGANISASJONAR

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1300 post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar, med 2,2 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon av kap. 1301 post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv.

Det blir vist til oppretting av eit europeisk jernbanebyrå (ERA), jf. St.prp. nr. 6 (2005-2006). I proposisjonen er det lagt opp til at det årlege tilskotet frå Noreg til

drifta av ERA blir dekt på Samferdselsdepartementets budsjett (kap. 1300 post 70). For 2005 er tilskotet frå Noreg på om lag 2,2 mill. kroner.

Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

POST 21 UTGREIINGAR OM MILJØ, TRAFIKKTRYGGLEIK MV.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1301 post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv., med 2,2 mill. kroner, jf. kap. 1300 post 70.

Programkategori 21.30 Vegformål

E18 Momarken - Sekkelsten

For prosjektet E18 Momarken - Sekkelsten gjer departementet greie for styrings- og kostnadsramme etter ekstern kvalitetssikring. Departementet legg etter dette til grunn ei styringsramme på 450 mill. kroner og ei kostnadsramme på 490 mill. kroner (omrekna til 2005-prisnivå). Dette er noko lågare enn det førebelse overslaget i St.prp. nr. 1 (2005-2006).

Kjøp av riksvegferjetenester - inngåing av driftsavtalar med intervall for risikotaking

Det er stor uvissheit når det gjeld oljeprisen. Denne uvissheit vil kunne ha ein pris i form av eit risikotillegg. Samferdselsdepartementet orienterer i proposisjonen om at staten kan ta ein viss risiko for oljeprisutviklinga ved forhandlingane med ferjeselskapa om nye driftsavtalar.

Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

POST 74 KOMPENSASJON FOR EL-AVGIFT FOR ELEKTRIFISERT SKINNEGÅANDE TRANSPORT

Løyvinga på posten utgjer i 2005 24 mill. kroner. Departementet foreslår at kap. 1330 post 74 Kompensasjon for el-avgift for elektrifisert skinnegående transport, får tilføyd stikkordet "kan overførast", slik at ein

kan halde tilbake ein del av løyvinga for 2005 for slutt-oppgjær i 2006, jf. forslag til romertalsvedtak.

Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1350 Jernbaneverket (jf. kap. 4350)

POST 22 OMSTRUKTURERINGSKOSTNADER

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1350 post 22 Omstruktureringskostnader, med 30 mill. kroner. Fleire personar enn rekna med har valt sluttpakke, etableringsstøtte og/eller studiestøtte med eingongsutbetaling i 2005.

FEILFØRING I STATSREKNESKAPEN

Det blir foreslått å korrigere feilføring i Jernbaneverkets rekneskap for 2004, jf. forslag til romertalsvedtak.

Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

Kap. 4380 Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380)

POST 1 DIVERSE AVGIFTER OG GEBYR

Løyvinga på kap. 4380 post 1 Diverse avgifter og gebyr, blir foreslått auka med 1,322 mill. kroner, jf. at i samband med lønnsoppgjæret for 2005 er Post- og teletilsynet tildelt 1,322 mill. kroner i lønnskompensasjon på kap. 1380 post 1 Driftsutgifter. Staten er sjølvfinansierande.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

"I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgende endringer:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|------------|
| 1320 | 32 | Statens vegvesen (jf. kap. 4320) (Ny) Til kompensasjon for ekstraordinære utgifter til vegvedlikehold riks- og fylkesveger, bevilges med | 60 000 000 |
| 5800 | 50 | Statens petroleumsfond (jf. kap. 2800) Overføring fra fondet, økes med | 60 000 000 |

II

Stortinget samtykker i at stikkordet "kan overføres" brukes på bevilgningen under kap. 1320 ny post 32.

Beløpet brukes til ekstraordinære opprydnings- og vedlikeholdstiltak både på riksveger og fylkesveger i forbindelse med uværet på Vestlandet og i deler av Midt-Norge høsten 2005 og fordeles av departementet i samråd med fylkesmannen i berørte fylker."

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen ingen merknader.

SAK TEKEN OPP UNDER BEHANDLINGA I KOMITEEN

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til uvær som denne høsten har rammet Vestlandet og deler av Midt-Norge og som har ført til store ødeleggelser på vegene. Både riksveger og fylkesveger er rammet i fylkene Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. Opprydning og utbedring av skader vil gi omfattende ekstrakostnader.

Disse medlemmer er peker på at dersom disse ekstrakostnadene skal belastes eksisterende vedlikeholdsbudsjetter for riks- og fylkesveger, vil det store etterslepet i vegvedlikehold øke ytterligere.

Disse medlemmer mener at ekstraordinære kostnader påført av ekstraordinære værforhold derfor bør dekkes med ekstra bevilgninger. Disse medlemmer foreslår derfor å bevilge kap. 1320 (ny) post 32 Til kompensasjon for ekstraordinære utgifter til vegvedlikehold riks- og fylkesveger med 60 mill. kroner.

Disse medlemmer viser til at tilsvarende beløp må overføres fra Statens petroleumsfond og foreslår på denne bakgrunn at kap. 5800 post 50 Overføring fra fondet økes med 60 mill. kroner tilsvarende den foreslåtte bevilgning under kap. 1320 post 32.

FORSLAG FRA MINDRETALL**Forslag fra Fremskrittspartiet:****I**

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgende endringer:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|------------|
| 1320 | | Statens vegvesen (jf. kap. 4320) | |
| | 32 | (Ny) Til kompensasjon for ekstraordinære utgifter til vegvedlikehold riks- og fylkesveger, bevilges med | 60 000 000 |
| 5800 | | Statens petroleumsfond (jf. kap. 2800) | |
| | 50 | Overføring fra fondet, økes med | 60 000 000 |

II

Stortinget samtykker i at stikkordet "kan overføres" brukes på bevilgningen under kap. 1320 ny post 32.

Beløpet brukes til ekstraordinære opprydnings- og vedlikeholdstiltak både på riksveger og fylkesveger i forbindelse med uværet på Vestlandet og i deler av Midt-Norge høsten 2005 og fordeles av departementet i samråd med fylkesmannen i berørte fylker.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og råar til at Stortinget gjer slikt

vedtak:**I**

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------------------|------|---|------------|
| Utgifter | | | |
| 1300 | | Samferdselsdepartementet (jf. kap. 4300) | |
| | 70 | Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 13 600 000 til kr 15 800 000 | 2 200 000 |
| 1301 | | Forskning og utvikling mv. | |
| | 21 | Utgreingar om miljø, trafikktryggleik mv., blir redusert med frå kr 17 000 000 til kr 14 800 000 | 2 200 000 |
| 1350 | | Jernbaneverket (jf. kap. 4350) | |
| | 22 | Omstruktureringskostnader, blir auka med frå kr 75 000 000 til kr 105 000 000 | 30 000 000 |
| Inntekter | | | |
| 4380 | | Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380) | |
| | 1 | Diverse avgifter og gebyr, blir auka med frå kr 170 400 000 til kr 171 722 000 | 1 322 000 |

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. stikkordet "kan overførast" blir tilføydd løyvinga under kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 74 Kompensasjon for el-avgift for elektrifisert skinnegående transport.
2. Jernbaneverkets mellomvære med statskassa (gjeld til statskassa) blir i 2005 korrigert med 1 080 000 kroner mot konto for forskuingar i balansen for å rette opp feilføring i Jernbaneverkets rekneskap i 2004.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 8. desember 2005

Per Sandberg
leiar

Torstein Rudihagen
ordførar

